



# Kvinnherad kommune

Helse og rehabilitering  
Miljøretta helsevern

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hordaland Fylkeskommune  
v/ Else-Marie Brobakke Aarø  
PB 7900

5020 BERGEN

Saksbehandlar  
Knut Evjen

Tlf. direkte innval  
48882077

Vår ref.  
2011/2633-14

Dykkar ref.

Dato  
11.02.2014

## Verbal årsrapport – 2013 - Tiltak K1 (MD-K1) ressurskommuner og deltakende

### Bakgrunn og føresetnader

Våren 2010 kom Stord kommune som er ressurskommune for universell utforming (2009-2013) med forslag til Miljøverndepartementet om at Kvinnherad kommune vart ny pilotkommune vedkommande universell utforming. Forslaget vart teke til følgje og Kvinnherad kommune vart utnemnd som pilotkommune hausten 2010. Kvinnherad kommune har motteke frå Miljøverndepartementet 50 000 kr i stimuleringsmidlar til arbeidet med universell utforming i kommunen. (*Handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013. Ekstraordinært stimuleringsstilskot til nye kommuner innenfor tiltak K1 nasjonalt utviklingsprosjekt i fylker og kommuner. St. budsj. Kap. 0847.71*).

### Nasjonale føringar

Regjeringa sin visjon er at Norge skal vera universelt utforma innan 2025. [Handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013](#) viser korleis regjeringa vil legge grunnlag for å oppnå denne ambisjonen gjennom ulike tidsfastsette mål og tiltak. Eit av satsingsområda i denne planen er at alle kommunar bør ha vedtatt kommuneplan med retningslinjer for universell utforming innan 2015.

Regjeringa har fastsatt nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging. Føremålet er å gjera planlegginga meir målretta og sikra at viktige nasjonale interesser blir ivaretatt. (Vedtatt ved kongelig resolusjon 24. juni 2011).

#### Regjeringen forventer at:

*regional og kommunal planlegging bidrar til universell utforming av omgivelser og bygninger. Lokalisering av ulike funksjoner sees i sammenheng slik at ferdsel og adkomst blir enklast mulig, og utformingen av områder og bebyggelse legger til rette for tilgjengelighet for alle brukergrupper.*

**Prop. 90 L (2010–2011) Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak) Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)**

*Tilråding fra Helse- og omsorgsdepartementet av 8. april 2011, godkjent i statsråd samme dag. (Regjeringen Stoltenberg II)*

*Universell utforming er en integrert del av folkehelsearbeidet. Universell utforming betyr at fysiske forhold som produkter, byggverk, uteområder og IKT som er i alminnelig bruk, skal utformes slik at alle mennesker skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mulig, uten spesielle tilpasninger eller hjelpemidler. Universell utforming vil være en naturlig del av kommunale og fylkeskommunale mål, strategier og tiltak i folkehelsearbeidet. Universell utforming er et sentralt element i utformingen av bolignære rekreasjons- og naturområder, og ved planlegging og oppgradering av eksisterende skolebygg og barnehager både når det gjelder inne- og uteområder. Det samme gjelder ved etablering av nye gang og sykkelveier. God tilrettelegging av friluftsområder, bymiljø og idrettstilbud bidrar til å muliggjøre fysisk aktivitet i hverdagen for alle. Universell utforming handler om å øke folks deltakelse og selvhjulpenhet i arbeidsliv, kulturliv, hverdagsliv og sosialt samkvem. Dette er viktig for å øke den enkeltes selvfølelse og psykiske helse. Reduserte muligheter for å delta i samfunnet utgjør en helsemessig risikofaktor. God tilrettelegging av samfunnet vil bidra til å øke den enkeltes mulighet til å være selvhjulpen. På samme måte som for fysisk aktivitet vil dette kunne redusere fremtidige hjelpebehov.*

### **Regionale føringer**

Hordaland fylkeskommune (vart vedteken av Fylkestinget 13.06.2006) vedtok [Fylkesdelplan Deltaking for alle - universell utforming 2006-2009](#). Tema i planen er:

- Digital deltaking
- Opplæring
- Offentlege bygg og anlegg
- Bustader
- Offentleg samferdsel
- Friluftsliv og reiseliv

Fylkeskommunens regional plan for folkehelsearbeid er på høyring. Denne planen erstattar Fylkesdelplan for universell utforming 2006 - 2009 "Deltaking for alle".

### **Prosess**

#### **Tidsramme (oppstarts- og ferdigprodukt)**

Kvinnherad kommune starta arbeidet med å lage ein kommunedelplan for universell utforming i 2012. Prosjektet med å lage ein plan (planprogrammet/kommunedelplan) for universell utforming for Kvinnherad er noko forseinka. Oppstartsmøte vart halde den 04.12.13. Det skal innkallast til nytt møte i prosjektgruppa i februar/mars. På oppstartsmøtet vart ein einige om å ha med styringsgruppa på neste møte for å utarbeida ein framdriftsplan for arbeidet med universell utforming i Kvinnherad.

Det er satt ned ei prosjektgruppe som skal arbeide fram kommunedelplanen og verksemd for Helse og rehabilitering ved Knut Evjen har hovudansvaret for planen si framdrift.

Styringsgruppa for planarbeidet er:

Gunn Tove Petterteig	Rådmannsteam
Oddvar Larsen	Verksemd for Helse og rehabilitering
Anbjørn Høivik	Verksemd for Samfunnsutvikling
Astri Måkestad	Verksemd for Samfunnsutvikling
Astrid Larsen	Stord kommune

Prosjektgruppa for planarbeidet er:

Knut Evjen	Verksemd for Helse og rehabilitering
Miann Eylegar	Verksemd for Helse og rehabilitering
Anne Guri Kildal	Verksemd for Tekniske Tenester
Bjørn Røssland	Verksemd for Kultur og fritid
Nils Magne Kloster	Rådet for funksjonshemma

I dette planarbeidet ønskjer vi å nytta oss i større grad av kontaktpersonen i ressurskommunen Stord.

### Mandat for planarbeidet

Mandat for arbeidet med å lage ein kommunedelplan for universell utforming innan 2015:

1. Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2012:  
*Kvinnherad kommunestyre ved Planstrategi for valperioden 2011 – 2015.*  
H1: Universell utforming - universell utforming inngår i den kommunale planstrategien.
2. Vedtak frå Formannskapet den 19.01.2012:  
*Rådmannen set ned ei tverrfagleg gruppe som får i arbeid å lage eit forslag til kommunedelplan, etter framleggets mandat, med retningslinjer og vedtekter for universell utforming innan 2015.*

### Oppnådde resultat så langt

- ✓ Kommuneoverlegen/miljøretta helsevern har gjeve innspel/merknader til reguleringsplanar og byggesakar.
- ✓ To av kommunen sine tilsette, ved verksemd for Samfunnsutvikling og verksemd for Tekniske tenester har delteke i Direktoratet for byggkvalitet (tidlegare Statens byggtkniske etat) sitt kompetanseprogram K 5, og er sertifisert som kursinstruktør med plikt å kurse kommunen sine tilsette, og i tillegg vere disponible for andre kommunar.
- ✓ Kompetanseprogrammet K 5 er gjennom for aktuelle målgrupper i kommunen og politikarar (1 dag), samt for andre kommunar i Hordaland.

### Økonomi

Kvinnherad kommune har mottatt kr 50 000 i basis-/stimuleringsmidler for tiltak K1 2013 - nasjonalt utviklingsprogram. Tilskotet gjeld utvikling av planprogram/ kommunedelplan knytt til universell utforming.

### Merknad

Knut Evjen, som har hatt hovudansvaret for universell utforming skal ha permisjon i tida 01.03.14 - 01.09.14. Ergoterapeut Miann Eylegar ved verksemd for Helse og rehabilitering overtar arbeidet med å lage ein kommunedelplan for universell utforming i kommunen.

Kvinnherad kommune  
Helse og rehabilitering

Knut Evjen  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*